

Innspelskjema

Oppsummering

Innspel til temaplan

Planprogram for regional plan for areal og mobilitet

Innsendar

Eg sender inn på vegne av Kommune

Org.nr. 834210622

Namn på kommune BØMLO KOMMUNE

Adresse Rådhuset, Leirdalen 1

Postnummer/-stad 5430 BREMNES

Kontaktperson

Namn Alf Helge Greaker

Telefon 90409246

E-post alf.helge.greaker@bomlo.kommune.no

Innspel

Politisk vedtak Bømlo kommune viser til høyringa av planprogram for Regional plan for areal og mobilitet i Vestland, og har følgjande merknader:

Oppsummert:

Bømlo kommune støttar målet om betre samordning av areal- og mobilitetspolitikken og å samla fleire gjeldande planar. Me understrekar at dette må skje med respekt for det kommunale sjølvstyret, lokal kunnskap og behovet for fleksibilitet i gjennomføringa.

1. Behov for lokal forankring

Me meiner at planen legg for sterke og detaljerte føringar på kommunane sin arealplanlegging innan
eigne grenser. Det er avgjerande at regionale planar ikkje går for langt i detaljstyring, men i
staden gir
rom for lokale tilpassingar og vurderingar.

2. Uheldig sentralisering og lite omsyn for lokale tilhøve
Bømlo kommune opplever at planprogrammet ikkje tek tilstrekkeleg omsyn til geografiske og
strukturelle forskjellar mellom kommunane, særleg når det gjeld bustadbygging, kollektivtilbod
og
utbyggingsmønster. Strategiar som kan vera fornuftige i bynære område, er ikkje nødvendigvis
eigna for
distriktskommunar med avgrensa kollektivtilbod.

3. Tydeleg skilje mellom prinsipp, strategiar og retningslinjer
Kommunen ser positivt på at ein ser på kva verkemiddel som er mest føremålstenleg å nytte i
regional
plan. I det endelege planverket må det koma tydeleg fram kva som er prinsipp, kva som er
strategiar, og
kva som er retningslinjer. Dette vil gjere det enklare for kommunane å forstå og etterleve
planen.
• Bømlo kommune meiner at bruk av «retningslinjer for arealbruk i en regional plan» etter
«kan»-bestemmelsen i pbl §8-5 «Regional planbestemmelse», bør nyttast med svært stor
varsemd.

4. Bruk av rettleiarar framfor detaljerte retningslinjer
Kommunen meiner det kan vere meir hensiktsmessig å utarbeide rettleiarar som kan brukast
på tvers
av sektorar, og som er lettare å oppdatere, framfor å innføre mange detaljerte retningslinjer i
sjølve
planen.
Det kan også vera nyttig å sjå til kommunane sin eksisterande kartleggingar/
kunnskapsgrunnlag.

5. Prosess og informasjon
Kommunen ber om at det blir lagt til rette for god dialog og informasjon undervegs i
planprosessen, slik
at kommunane til ei kvar tid er orientert om kva vurderingar og kartleggingar som blir gjort, og
kva som
blir ført vidare i planarbeidet.

6. Framdrift og lokalpolitisk forankring
Det er viktig at framdriftsplanen for det regionale planarbeidet gir kommunane tilstrekkeleg tid
til
politisk handsaming og forankring.

Utfyllende merknader

Formannskapet i Bømlo kommune vedtok følgjande fråsegn til planprogram regional plan for
areal og mobilitet i sitt møte 02.10.2025 (sak PS 48/2025)

Vedlegg

Opplastet

Dokumenttittel	Filnavn	Størrelse
Saksutredning		NaN MB

Relevante lenker